

## **REGLEMENT FOR FYLKESELDRERÅDET**

Fylkeseldrerådet skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkutforming for eldre i Hordaland.

### **1. Samansetjing**

Rådet har sju medlemer oppnemnde av fylkestinget.

Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemene i samferdselsutvalet og eit medlem med vara-medlem mellom medlemene i opplæring- og helseutvalet.

Fem medlemer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

### **2. Opgåver**

#### **a. Fylkeseldrerådet kan innan sitt arbeidsområde:**

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for eldre
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for eldre knytt til fylkeskommunal verksemد

Fylkeseldrerådet kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemد.

Fylkeseldrerådet skal ikkje handsame saker som gjeld enkelpersonar.

Årsmelding frå Fylkeseldrerådet vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli.

#### **b. Saker der Fylkeseldrerådet har avgjerdsmynde:**

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Fylkeseldrerådet.

#### **c. Saker der Fylkeseldrerådet gjev tilråding:**

- Saker til fylkeskommunal verksemد med verknad for eldre.

#### **d. Fråsegner**

- Fylkeseldrerådet kan på vegner av rådet gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

### **3. Arbeidsform**

Fylkeseldrerådet har oppnemnd eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvar i året.

### **4. Sakshandsaming**

For Fylkeseldrerådet gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.